53 000 i inntekter i julebua

19.12.2011

Moteriktig i julebua: Kjersti og Kari

Det er både gledeleg og overraskande: Julebua i Martabu gav ein inntekt på 52 993 kroner dei 7 laursdagane ho var ope. Overraska er både Gunn Mari som hadde ideen og dei som leverte inn produkt for sal. Matprodukta fekk ein dominerande rolle, men det gjekk også mykje strikka varer.

20 prosent gjekk til hjartestartar og med 11 000 er Damevennne no halvvegs til målet som er ein hjartestartar nummer 2 - plassert på Hagetunet.

Snittinntekta dei 7 opningsdagane var vel 7 000 kroner og det var også summen den siste opningsdagen..

Ser ein nærare på salet av dei einskilde produkta viser det seg ikkje overraskande av kjeksen leiar med 7 600 kroner medan brød vart selt for 5 000. Medan vi er i mathjørnet tar vi også med at spekemat gjekk unna for 4 700 kroner.

Han som selde eksklusive ostehøvlar og kulepennar fekk inn noko over 4000 og strikkeprodukt og dukar gav 6000 i kassa, Glasenglane hadde ein registrert inntekt på nesten 4000-

- Også fordi marknadsføringa var beskjeden, er eg positivt overraska over resultatet og det fristar absolutt til ein ny innsats - kanskje allereie til sommaren, seier ei fornøgd Gunn Mari.

Ho er imponert over kva som blir produsert i bygda og full av takk til dei mange som har bidratt til suksessen, Det gjeld også dei som kom med bidrag til kaffematen der inntekta også gjekk til hjartestartaren.

Gunn Mari legg til at tiltaket også hadde ein viktig sosial funksjon. I julebua vart det fortalt mange gode historier om tida som var, særleg på Sanden.
- Dette var ei kjekk oppleving også for meg, det var eigentleg ingen jobb, seier initiativtakaren.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen